

**116 111**  
ALARMTELEFONEN  
for barn og unge

**Alarmtelefonen for barn og unge**

Serviceboks 417  
4605 Kristiansand

Besøk:  
Tollbodgata 45 Tinghuset  
4605 Kristiansand

Tlf: 116 111  
SMS: 41 71 61 11  
E-post: [alarm@116111.no](mailto:alarm@116111.no)  
Nettsted: [www.116.111.no](http://www.116.111.no)

**Barnevernvakten i Kristiansand**

Tlf: 38 07 54 00  
Fax: 38 07 54 03

Konto: 6320 05 41199  
Org.nr.: NO 963 296 746

## TIPS!

Basert på erfaringa vi har gjort oss med testing av teikneserien i ein 5. klasse ønskjer vi å komme med eit par tips til korleis han kan brukast:

### 1. Inviter gjerne ein representant frå barneverntenesta til å delta i prosessen!

Vi erfarte at barna hadde mange refleksjonar, synspunkt og spørsmål knytte til teikneseriane. Fleire lurte spesielt på kva som skjer med dei barna som lever med vald, rus og omsorgssvikt. Er det slik at barna alltid blir tekne frå foreldra? Kan foreldra få hjelp? Høyrer dei vaksne på barna, eller er det alltid dei vaksne som bestemmer?

Det å ha med seg ein representant frå barneverntenesta kan bidra til at barna blir mindre redde for å ta kontakt når dei møter ein tilsett ved barnevernstenesta som kan svare på det dei lurar på.

### 2. Lat barna sjølv fortelje kva historia om guten og jenta handlar om.

Barna fikk delt ut teikneseriane, og dei fekk 15 minutt på seg til å skrive ned kva historia om guten og jenta handla om. Deretter hadde vi ein samtale i plenum der barna fekk sjansen til å seie kva dei tykte om historiene, og om handlinga i dei. Eit anna og godt alternativ kan vere å plassere barna i grupper, slik at dei kan samarbeide og prate om historiene.

### 3. Spørsmål og svar: Open og ærleg dialog

Vi erfarte at barna hadde mange spørsmål og synspunkt. Saman med sosiallæraren svarte vi på og kommenterte tilbakemeldingane og spørsmåla barna hadde. Erfaringa vår var at barna var veldig direkte og konkrete i refleksjonane og gjennom spørsmål dei stilte. Når barna fekk svar på det dei lurte på, når dei blei høyrde og tekne på alvor, opplevde vi at dei blei tryggare på at det er viktig og bra å fortelje ein vaksen om vonde eller vanskelege ting.

### 4. Informasjon om kven barna kan prate med

Det er viktig å avslutte med å informere barna om kven dei kan prate med. På skulen har dei fleste barna ein sosiallærer, klassestyrar eller ei helsesøster som dei kan prate med. Og dei kan gjerne ta med seg ein vaksen som dei stoler på og har tillit til, eller ein ven. På slutten av timen delte vi òg ut klistremerke med 116 111 på. Vi oppfordra barna til å klistre desse på mobilen, ranselen eller i skuledagboka.